




INDRE SOGN
SPAREBANK
ekte lokalbank

DELÅRSRAPPORT

&

REKNESKAP

1. kvartal 2012



Styret si melding

Kvartalsrapport pr. 31.03.2012

Rekneskapen for 1. kvartal 2012 er utarbeida i samsvar med dei internasjonale rekneskapsstandardane (IFRS) vedteke av EU. Rekneskapen er presentert i samsvar med IAS 32 "delårsrapportering". IFRS-rekneskapsstandard fører ikkje til realitetsendringar i underliggjande verdiar i rekneskapen, men vil føra til større svingingar i resultat og eigenkapital. Det som følgje av auka bruk av verkeleg verdi.

Implementeringseffekten av pensjonar er vesentleg ved at ikkje resultatførde estimatavvik er ført mot eigenkapitalen pr. 01.01.2011. Banken har vurdert bygningar, tomtar og finansielle instrument til verkeleg verdi. Ved overgang til IFRS 01.01.2011 vart det er utarbeida eit notat. "Overgang til IFRS prinsipp" som syner resultat og balanseeffektar ved overgangen til IFRS.

Driftsresultatet før skatt

Indre Sogn Sparebank fekk eit driftsresultat før skatt på NOK 7,30 mill. pr. 31.03.2012, mot NOK 0,85 mill. pr. 31.03.2011. Det skuldast betre rentenetto og kursvinst på finansielle instrument. I tillegg vart det i første kvartal 2012 tilbakeført tap på utlån NOK 1,25 mill. medan det i 2011 var tap på utlån NOK 1,04 mill. Driftskostnadane i kroner har og gått ned med NOK 0,176 mill. Resultat av ordinær bankdrift (driftsresultat før skatt – kursvinst/tap på verdipapir og valuta) pr. 31.03.2012 var NOK 4,11 mill. betre enn pr. 31.03.2011. Driftsresultatet etter skatt gir ein eigenkapitalrentabilitet pr. 31.03.2012 på 10,56 %.

Rentenetto

Netto renteinntekter er utrekna til 1,58 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Dette er ein auke på 0,20 % sidan same tid i fjor. Grunna betre rentenetto og volumauke har netto renteinntekter auka med NOK 1,87 mill. samanlikna med 31.03.2011. Svak rentenetto skuldast auka konkurranse og pressa marginar.

Driftsinntekter

Pr. 31.03.2012 var andre ordinære driftsinntekter (andre driftsinntekter + netto provisjonsinntekter/gebyr banktenester) NOK 3,04 mill. mot NOK 3,34 mill. pr. 31.03.2011. Dette skuldast reduserte gebyr- og provisjonsinntekter. Utbyte og vinst/tap på handel med verdipapir og valuta aukar ordinære driftsinntekter med NOK 2,79 mill. pr. 31.03.2012. Til same tid i fjor var det eit positivt bidrag på NOK 0,37 mill.

Driftskostnader

Pr. 31.03.2012 var driftskostnadene NOK 12,70 mill. mot NOK 12,88 mill. til same tid i fjor. Reduksjon i driftskostnader kan hovudsakleg relaterast til personalkostnader vedkomande bankdrifta. I prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital utgjer driftskostnadene 1,55 % pr. 31.03.2012 mot 1,61 % i fjor. Kostnadsprosenten pr. 31.03.2012 er 78,11 %. Styret har vedteke å gjennomføre eit inntekts- og kostnadsprogram, som ein no ser effektane av.

Tap på utlån og garantiar

Banken har pr. 31.03.2012 tilbakeført tap på utlån med NOK 1,25 mill. mot tapsført NOK 1,04 mill. til same tid i fjor. I løpet av 1. kvartal 2012, har banken redusert individuelle nedskrivningar med NOK 1,20 mill. Gruppenedskrivning er uendra i 1. kvartal 2012. Sum individuelle nedskrivningar utgjer 0,39 % og nedskrivning av grupper utgjer 0,23 % av brutto utlån pr. 31.03.2012.

Kapitaldekning

Pr. 31.03.2012 var banken si kapitaldekning 16,76 % mot 16,56 % pr. 31.03.2011 og 16,98 % pr. 31.12.2011. Utrekningsgrunnlaget har auka frå NOK 1.759,43 mill. pr. 31.03.2011 til NOK 1.839,17 mill. pr. 31.03.2012.

Avkastning på eigenkapitalbevisa

Driftsresultat pr. 31.03.2012 etter berekna skatt, vart NOK 5,75 mill. mot NOK 0,61 mill. pr. 31.03.2011. Eigenkapitalbeviskapitalen har ikkje auka i perioden. Difor er det heller ingen utvatningseffekt på resultatet pr. eigenkapitalbevis. Pr. 31.03.2012 utgjer annualisert avkastning NOK 12,60 pr. eigenkapitalbevis etter skatt.

Utlån

Sidan årsskiftet er utlåna redusert med NOK 0,12 mill. til NOK 2.802,77 mill. Utlån til personkundar er redusert med NOK 6,31 mill. medan utlån til næringslivet har auka med NOK 6,19 mill. Veksten dei siste 12 månadane er NOK 61,27 mill. eller 2,23 % på eiga bok. I tillegg yter banken NOK 386,92 mill. i lån til banken sine personkundar via Terra Boligkreditt AS. I 2012 er det ein auke i porteføljen på NOK 23,53 mill. Sett i samanheng med Terra Boligkreditt AS, hadde banken totalt ein auke i utlåna på NOK 23,41 mill. eller 0,74 % i 1. kvartal 2012. Samla vekst dei siste 12 månadane er NOK 136,21 mill. eller 4,46 %.

Innskot

Sidan årsskiftet har innskota i banken auka med NOK 65,46 mill. til NOK 2.034,68. Innskot frå personkundar har auka med NOK 37,10 mill. medan innskot frå næringslivskundar har auka med NOK 28,36 mill. Innskota siste 12 mnd. har auka med NOK 188,76 mill. eller 10,23 %. Innskotsdekninga pr. 31.03.2012 er 72,41 %.

Forvaltningskapital

Banken sin forvaltningskapital har sidan årsskiftet gått opp med NOK 23,47 mill. til NOK 3.336,87 mill. pr. 31.03.2012, ein auke på 0,71 %.



Utsiktene framover

Resultatet i første kvartal 2012 er prega av betra rentenetto, kursvinst på finansielle instrument, mindre kostnader og tilbakeføring av tap på utlån. Banken har likevel utfordringar på kostnadssida. Styret har sett i gang tiltak for å betra lønsemda. Styret har god kontroll på banken sin kreditt- og likviditetsrisiko. Uro i finansmarknaden skaper større usikkerheit om framtidig utvikling enn normalt. Med god soliditet og likviditet er banken godt budd på effektane av ein uroleg marknad. Kapitaldekninga er god og syner tilfredsstillande nivå sett i lys av banken sitt mål for framtidig vekst. Det vert arbeidd kontinuerleg med kvalitet og kompetanseheving blant dei tilsette.

Styret er nøgd med 1. kvartal 2012 og har tru på at resten av året vil utvikle seg tilfredsstillande.

Årdalstangen den 26. april 2012.

Siri Lagmansås
Styreleiar

Leif Ålberge

Harald Blaaflåt Mundal

Janne Dokken

Siv Enerstvedt

Egon M. Moen
Adm.banksjef



Delårsrekneskap 1. kvartal 2012

	31.03.2012	31.03.2011	31.12.2011	31.12.2011 i % av gj.sn. forv.kap.
RESULTAT (i 1.000 kr)				
Renteinntekter	35.392	30.167	132.981	4,32 %
Rentekostnader	22.473	19.116	86.020	2,74 %
Netto renteinntekter	12.919	11.051	46.961	1,58 %
Utbyte	300	221	2.810	0,04 %
Provisjonsinntekter m.v.	3.483	4.003	15.242	0,42 %
Provisjonskostnader m.v.	561	746	3.025	0,07 %
Netto vinst/tap på finansielle instrument	2.491	146	-2.045	0,30 %
Andre driftsinntekter	122	85	277	0,01 %
Netto andre driftsinntekter	5.835	3.709	13.259	0,71 %
Løn og generelle adm.kostnader	8.504	8.858	32.322	1,04 %
Avskrivinger på driftsmidler	909	893	3.952	0,11 %
Andre driftskostnader	3.290	3.128	10.486	0,40 %
Sum driftskostnader før tap på utlån	12.703	12.879	46.760	1,55 %
Tap på utlån	-1.249	1.035	3.389	-0,15 %
Driftsresultat før skatt	7.300	846	10.071	0,89 %
Skattekostnad	1.553	241	2.629	0,19 %
Resultat etter skatt	5.747	605	7.442	0,70 %
Utvida resultat				
Pensjonskostnad	0	0	-1.249	
Finansielle eigendeler tilgjengeleg for sal	0	0	2.496	0,00 %
Utvida resultat etter skatt	0	0	1.247	0,00 %
Totalresultat	5.747	605	8.689	0,70 %
Basis og utvatna resultat per eigenkapitalbevis	3,14	0,33	4,07	
BALANSE (i 1.000 kr)				
Eigendelar	31.03.2012	31.03.2011	31.12.2011	% av forv.kap.
Kontantar og fordringar på sentralbankar	175.333	209.935	177.935	5,25 %
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	59.068	58.261	32.715	1,77 %
Utlån til kundar	2.785.469	2.719.110	2.784.392	83,48 %
Verdipapir til verkeleg verdi over resultatet	205.159	190.378	206.347	6,15 %
Verdipapir tilgjengeleg for sal	69.527	67.031	69.527	2,08 %
Utsett skattefordel	3.125	3.268	3.125	0,09 %
Varige driftsmidler	38.081	41.662	38.940	1,14 %
Overtekne og andre eigendelar	1.106	7.854	421	0,03 %
Sum eigendelar	3.336.868	3.297.499	3.313.402	100,00 %
Gjeld og eigenkapital				
Gjeld til kredittinstitusjonar	212.317	223.355	223.511	6,36 %
Innskot frå kundar	2.034.679	1.845.919	1.969.222	60,98 %
Gjeld ved utsteda verdipapir	716.249	790.892	741.655	21,46 %
Anna gjeld	15.936	97.345	20.682	0,48 %
Pensjonsforpliktingar	6.048	7.763	9.048	0,18 %
Ansvarleg lånekapital	131.105	123.626	133.231	3,93 %
Sum gjeld	3.116.334	3.088.900	3.097.349	93,39 %
Opptent eigenkapital	150.350	143.557	151.616	4,51 %
Innskoten eigenkapital	64.437	64.437	64.437	1,93 %
Udisponert overskot etter skatt	5.747	605	0	0,17 %
Sum eigenkapital	220.534	208.599	216.053	6,61 %
Sum gjeld og eigenkapital	3.336.868	3.297.499	3.313.402	100,00 %
Postar utanom balansen				
Garantiar	117.205	100.188	127.346	
Garanti Terra Boligkreditt AS	48.970	38.540	43.961	
Portefølje Terra Boligkreditt AS	386.923	311.983	363.395	

Eigenkapitaloppstilling

Eigenkapitaloppstilling pr. 31.03.2012

i 1.000 kr

	Innskoten eigenkapital			Opptent eigenkapital			Sum eigen- kapital
	Eigen- kapital- bevis	Overkurs- fond	Spare- banken sitt fond	Utjammings- fond	Gåvefond	Fond for urealiserte gevinster	
Eigenkapital 01.01.2011	63.250	1.187	120.129	4.615	6.927	13.688	209.795
Resultat etter skatt			2.411	2.621	2.410		7.442
<i>Utvida resultat</i>							
Endring i ikkje resultatførte estimatawik pensjon			-1.735				-1.735
Endring i utsatt skatt på ikkje resultatført estimatawik pensjon			486				486
Verdiendring tilgjengeleg for sal portefølje						2.496	2.496
Totalresultat 31.12.2011	0	0	1.162	2.621	2.410	2.496	8.689
<i>Transaksjonar med eigarane</i>							
Utbetalt utbyte for 2010				-1.771			-1.771
<i>Andre eigenkapitaltransaksjonar</i>							
Endring i innskoten eigenkapital	-31.625	31.625					0
Utbetalt frå gåvefond					-660		-660
Eigenkapital 31.12.2011	31.625	32.812	121.291	5.465	8.677	16.184	216.053
Resultat etter skatt			5.747				5.747
<i>Utvida resultat</i>						0	0
Totalresultat 31.03.2012	0	0	5.747	0	0	0	5.747
<i>Transaksjonar med eigarane</i>							
Utbetalt utbyte for 2011				-1.266			-1.266
Eigenkapital 31.03.2012	31.625	32.812	127.038	4.199	8.677	16.184	220.534

Eigenkapitaloppstilling pr. 31.03.2011

i 1.000 kr

	Innskoten eigenkapital			Opptent eigenkapital			Annan opptent eigen- kapital	Sum eigen- kapital
	Eigen- kapital- bevis	Overkurs- fond	Spare- banken sitt fond	Utjammings- fond	Gåvefond	Fond for urealiserte gevinster		
Eigenkapital 31.12.2009 NGAAP	63.250	1.187	116.791	608	3.361			185.197
Reklassifisert utbyte frå gjeld til eigenkapital				537				537
Endring i rekneskapsprinsipp ved første gongs implementering av IFRS			-363			14.769		14.406
Opningsbalanse 01.01.2010 IFRS	63.250	1.187	116.428	1.145	3.361	14.769	0	200.140
Årets resultat			3.701	4.007	3.701			11.409
<i>Utvida resultat</i>								
Verdiendring tilgjengeleg for sal portefølje						-1.081		-1.081
Årets totalresultat 2010	0	0	3.701	4.007	3.701	-1.081	0	10.328
<i>Transaksjonar med eigarane</i>								
Utbetalt utbyte for 2009				-537				-537
<i>Andre eigenkapitaltransaksjonar</i>								
Utbetalt frå gåvefond					-135			-135
Eigenkapital 31.12.2010 IFRS	63.250	1.187	120.129	4.615	6.927	13.688	0	209.795
Resultat per 31.03.2011							605	605
<i>Transaksjonar med eigarane</i>								
Utbetalt utbyte for 2010				-1.771	-30			-1.801
Eigenkapital 31.03.2011 IFRS	63.250	1.187	120.129	2.844	6.897	13.688	605	208.599

Kontantstrømanalyse

i 1.000 kr

	1. kvartal 2012	1. kvartal 2011	2011
Kontantstrømar frå operasjonelle aktivitetar			
Resultat før skattekostnad	7.300	846	10.071
Betalt skatt i perioden	-2.584	-158	-3.727
Ordinære avskrivningar	909	893	3.952
Postar over utvida resultat	0	0	-1.247
Endring pensjonar	-3.000	-703	582
Endring utlån	-1.077	15.983	-49.299
Endring gjeld til kredittinstitusjonar	-11.194	-85	71
Endring innskot frå kundar	65.457	-457	122.846
Endringer verdipapir til verkeleg verdi over resultatet	1.188	8.646	-7.323
Endring i andre tidsavgrensingspostar	-6.648	2.240	-64.435
Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar	50.351	27.205	11.491
Kontantstrøm frå investeringsaktivitetar			
Innbetalningar ved sal av varige driftsmidlar	0	0	117
Utbetalningar ved kjøp av varige driftsmidlar	-50	-185	-639
Utbetalningar ved kjøp av verdipapir tilgjengeleg for sal	0	-100	-100
Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar	-50	-285	-622
Kontantstrømar frå finansieringsaktivitetar			
Innbetalningar ved opptak av obligasjonsinnlån	49.716	99.880	309.015
Utbetalningar ved nedbetaling av obligasjonsinnlån	-75.000	-78.000	-328.000
Utbetaling av utbyte	-1.266	-1.771	-1.771
Utbetalningar til gæver	0	-30	-660
Netto kontantstrømar frå finansieringsaktivitetar	-26.550	20.079	-21.416
Netto kontantstrøm for perioden	23.751	46.999	-10.547
Kontantar og kontantekvivalentar ved byrjinga av perioden	210.650	221.197	221.197
Kontantar og kontantekvivalentar ved slutten av perioden	234.401	268.196	210.650
Denne er sett saman av:			
Kontantar og fordringar på sentralbankar	175.333	209.935	177.935
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	59.068	58.261	32.715



Notar

1 Generell informasjon

Indre Sogn Sparebank er ein ekte lokalbank med kunden i sentrum. Banken er sjølvstendig og tilbyr banktenester, forsikring og verdipapirhandel. Banken tilbyr primært banktenestene sine til person- og næringslivskundar i Indre Sogn men har òg avdeling i Bergen og har elles kundar ut over kommunegrensene. Indre Sogn Sparebank er notert på Oslo Børs med eigenkapitalbevis.

Rekneskapet gjeld for perioden 01.01.2011 til 31.03.2012. Alle tal er presentert i norske kroner og i heile tusen, med mindre anna er spesifisert i notane.

Rekneskapet 1. kvartal 2012 vart vedteke av styret 26. april 2012.

2 Vilkår for utarbeiding av rekneskap for 1. kvartal 2012

Rekneskapet til Indre Sogn Sparebank er utarbeida i samsvar med IAS 34 (IFRS) og fortolkingar frå IFRS fortolkingskomité (IFRIC), som er fastset av EU.

Delårsrapporten er ikkje revidert.

For ytterlegare informasjon, sjå prinsippendringsnotat og prinsipp vist i delårsrapporteringa for 1. kvartal 2011 jf. note 3 og 4.

3 Rekneskapsprinsipp

Dei same rekneskapsprinsippa og berekningane som vart nytta i delårsrekneskapen for 1. kvartal 2011, er nytta i delårsrekneskapen for 1. kvartal 2012 med mindre anna kjem fram av notane nedanfor.

4 Informasjon om prinsippending

For informasjon om prinsippending, sjå delårsrapporteringa for 1. kvartal 2011.





5 Transaksjonar med nærståande

Tillitsvalde/leing	Utlån	
	31.03.2012	31.03.2011
Styret		
Siri Lagmannsås, leiar	0	0
Leif Åberge, nestleiar	855	2.292
Siv Enerstvedt, medlem i 2012	816	
*Harald Blaaflat Mundal, medlem	103	530
Janne Dokken, medlem	1.383	1.332
Sonja-Mari H. Atterås, medlem i 2011		590
Sum styret	3.157	4.743
Leiande tilsette		
Egon Moen, adm banksjef	2.097	2.099
Karin Vikane, ass.banksjef	600	600
Sum leiinga	2.697	2.699

* Styremedlem Harald Blaaflat Mundal er dagleg for Lite Nytt AS, som pr. 31.03.2011 hadde eit samla lån NOK 0,092 mill. som står oppført på han.

6 Hending etter balansedag

Det har ikkje forekome hendingar etter utløp av perioden som medfører justeringar av, eller tilleggsopplysningar i, rekneskapet eller i notar til rekneskapet.





7 Segmentinformasjon

Utlånsfordeling

i 1.000 kr

	31.03.2012	31.03.2011	2011 +/-
Lønstakarar	2.196.980	2.151.235	-6.311
Jordbruk, skogbruk fiske, fiske	42.766	45.979	-2.580
Industri	19.697	32.750	-2.256
Bygg og anlegg	66.994	69.904	1.855
Handel, hotell, transport, tenester	162.646	157.823	4.020
Finansiering, eigedomsdrift	273.057	250.256	2.493
Offentleg forvaltning og andre	40.633	33.560	2.655
Sum utlån før nedskrivningar	2.802.773	2.741.507	-123
Individuelle nedskrivningar	-10.804	-17.797	1.200
Gruppevise nedskrivningar	-6.500	-4.600	0
Sum utlån til kundar	2.785.469	2.719.110	1.077

Innskotsfordeling

	31.03.2012	31.03.2011	2011 +/-
Lønstakarar	1.247.851	1.194.365	16.388
Jordbruk, skogbruk fiske, fiske	39.690	37.667	-3.393
Industri	28.623	20.101	2.400
Bygg og anlegg	56.221	32.965	5.008
Handel, hotell, transport, tenester	48.315	59.391	-6.307
Finansiering, eigedomsdrift	508.371	255.745	41.519
Offentleg forvaltning og andre	105.609	245.685	9.843
Sum innskot	2.034.679	1.845.919	65.457

8 Misleghald og tap på utlån

a) Brutto- og netto misleghaldne engasjement

i 1.000 kr

	31.03.2012	31.03.2011	31.12.2011
Engasjement som har vore misleghaldne i meir enn 30 dagar			
Misleghald næringslivskundar	36.232	8.222	16.065
Misleghald personkundar	28.360	30.735	24.086
= Brutto misleghaldne engasjement	64.592	38.957	40.151
- Individuelle nedskrivningar	2.997	4.747	2.447
= Netto misleghaldne engasjement	61.595	34.210	37.704

Engasjement som har vore misleghaldne i meir enn 90 dagar

Misleghald næringslivskundar	14.267	5.174	10.010
Misleghald personkundar	23.697	23.804	16.481
= Brutto misleghaldne engasjement	37.964	28.978	26.491
- Individuelle nedskrivningar	2.997	4.747	2.547
= Netto misleghaldne engasjement	34.967	24.231	23.944

b) Engasjement som er tapsutsette men ikkje misleghaldne

Brutto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	23.056	31.637	40.357
- Individuelle nedskrivningar	7.907	13.250	9.557
= Netto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	15.149	18.387	30.800

c) Kostnadsførte tap gjennom året

	1. kv. 2012	1. kv. 2011	2011
Endring i individuelle nedskrivningar i året	-1.200	1.331	-4.562
+/- Endring i gruppenedskrivning på utlån gjennom året	0	-700	1.200
+ Konstaterte tap gjennom året som tidlegare er individuelt nedskrivne	0	324	6.158
+ Konstanterte tap i perioden som tidlegare ikkje er individuelt nedskrivne	8	155	1.077
- Inngang på tidlegare års konstanterte tap	57	76	484
= Tapskostnader i inneverande år	-1.249	1.034	3.389

Individuelle nedskrivningar på utlån og garantiar gjennom året

+ Individuelle nedskrivningar på utlån per 01.01	12.004	16.466	16.466
- Konstaterte tap gjennom året som er individuelt nedskrivne tidlegare år	0	324	6.158
+ Netto auka individuelle nedskrivningar gjennom året	0	2.661	3.162
+ Nye individuelle nedskrivningar gjennom året	1.300	300	3.783
- Tilbakeførte individuelle nedskrivningar på utlån gjennom året	2.500	1.306	5.249
= Individuelle nedskrivningar på utlån	10.804	17.797	12.004

Tapsavsetninger på garantiar

	100	200	100
--	-----	-----	-----

Gruppenedskrivningar på utlån m.v. gjennom året

Gruppenedskrivningar til dekking av tap på utlån m.v. pr. 01.01	6.500	5.300	5.300
+/- Endring gruppenedskrivning gjennom året	0	-700	1.200
= Gruppenedskrivning til dekking av tap på utlån	6.500	4.600	6.500

d) Inntektsførde renter der det er føreteke nedskrivning

Inntektsførde renter på utlån der det er føreteke nedskrivning	185	845	824
--	-----	-----	-----



9 Engasjement med risikoklassifisering

i 1.000 kr.

Risikoklasse	Brutto engasjement		Individuell nedskrivning		Netto engasjement		%	
	31.03.2012	31.03.2011	31.03.2012	31.03.2011	31.03.2012	31.03.2011	31.03.2012	31.03.2011
Personmarknad								
Låg	2.296.020	2.122.818	0	0	2.296.020	2.783.454	96,6 %	82,6 %
Normal	54.980	60.711	300	0	54.680	165.640	2,3 %	4,9 %
Høg	9.241	10.694	421	300	8.820	55.526	0,4 %	1,6 %
Problemengasjement	8.836	11.394	1.902	2.743	6.934	23.644	0,3 %	0,7 %
Ikke klassifiserte	10.351	52.770	374	38	9.977	340.484	0,4 %	10,1 %
Sum	2.379.429	2.258.387	2.997	3.081	2.376.432	3.368.748	100,0 %	100,0 %
Næringsliv								
Låg	704.956	660.636	0	0	704.956	660.636	61,5 %	60,1 %
Normal	149.383	104.929	0	0	149.383	104.929	13,0 %	9,6 %
Høg	42.688	45.132	6.807	12.250	35.881	32.882	3,1 %	3,0 %
Problemengasjement	1.453	14.992	100	2.666	1.353	12.326	0,1 %	1,1 %
Ikke klassifiserte	255.243	287.752	1.000	0	254.243	287.752	22,2 %	26,2 %
Sum	1.153.724	1.113.442	7.907	14.916	1.145.817	1.098.526	100,0 %	100,0 %
TOTAL								
Låg	3.000.976	2.783.454	0	0	3.000.976	3.444.090	85,2 %	77,1 %
Normal	204.363	165.640	300	0	204.063	270.569	5,8 %	6,1 %
Høg	51.929	55.826	7.228	12.550	44.701	88.409	1,3 %	2,0 %
Problemengasjement	10.289	26.387	2.002	5.409	8.287	35.970	0,2 %	0,8 %
Ikke klassifiserte	265.595	340.522	1.374	38	264.221	628.236	7,5 %	14,1 %
Sum	3.533.152	3.371.829	10.904	17.997	3.522.248	4.467.274	100,0 %	100,0 %

Brutto engasjement inkluderer utlån til kundar før nedskrivning, unytta kredittrammer, garantiar og unytta garantirammer.



10 Gjeld ved utsteda verdipapir

i 1.000 kr

Lånetype/ISIN	Låneoptak	Siste forfall	Pålydande	Bokført verdi			Rente- vilkår
				31.03.2012	31.03.2011	31.12.2011	
Sertifikat- og obligasjonslån							
NO0010451313	15.08.2008	15.08.2011	200.000	0	200.513	0	3 mnd. NIBOR + 0,95 %
NO0010521594	17.06.2009	15.06.2012	150.000	150.181	150.190	150.217	3 mnd. NIBOR + 1,50 %
NO0010566847	19.03.2010	19.03.2015	165.000	164.567	164.675	164.580	3 mnd. NIBOR + 1,15 %
NO0010576812	09.06.2010	09.01.2012	75.000	0	75.135	75.650	3 mnd. NIBOR + 0,75 %
NO0010592058	19.11.2010	19.11.2014	150.000	150.291	100.177	100.401	3 mnd. NIBOR + 1,30 % 1)
NO0010604887	15.03.2011	15.03.2013	100.000	100.092	100.202	100.113	3 mnd. NIBOR + 0,75 %
NO0010612419	06.06.2011	06.06.2014	100.000	100.198	0	100.229	3 mnd. NIBOR + 0,95 %
NO0010626245	30.09.2011	28.09.2012	50.000	50.920	0	50.465	Fastrente 3,60 %
Sum sertifikat- og obligasjonslån				716.249	790.892	741.655	

1) Utsteding av ytterlegare NOK 50 mill. xx.xx.2012.

Ansvarleg lånekapital

NO0010309537	03.05.2006	03.05.2011	50.000	0	50.235	0	3 mnd. NIBOR + 0,50 %
--------------	------------	------------	--------	---	--------	---	-----------------------

Fondsobligasjonar

NO0010238264	29.09.2004	Evigvarande Calldato 29.09.2014	40.000	39.820	40.053	39.796	3 mnd. NIBOR + 2,15 %
Statens Finansfond	01.12.2009	Evigvarande	33.000	33.499	33.338	35.694	Referanserente + 6 % 2)
NO0010606270	06.05.2011	Evigvarande	60.000	57.786	0	57.741	3 mnd. NIBOR + 5,50 % 3)
Sum ansvarleg lånekapital				131.105	123.626	133.231	

2) Referanserente tilsvarar gjennomsnittet av dei fem siste handledagar før rentefastsetjingsdag for norsk syntetisk årlig effektiv rente på statskassevekslar med 6 månaders bindingstid som notert på Noregs Bank sine nettsider. Margin er sett til 6,0 %.

3) Lånet har ein konverteringsrett for obligasjonseigarane, som kan velja å kovertere obligasjonar til eigenkapitalbevis til kurs 100 på kvart rentebetalingstidspunkt fram til og med 15.03.2016. Rentevilkåra til lånet er inklusive konverteringsretten er uvesentleg forskjellige frå alternative vilkår utan konverteringsrett. Banken har difor ikkje skilt ut ein eigenkapitalandel frå lånet. Lånet tel som kjernekapital.



11 Ansvarleg kapital

	i 1.000 kr		
	31.03.2012	31.03.2011	31.12.2011
Kjernekapital:			
Grunnfondsbevis	31.625	63.250	31.625
Overkursfond	32.812	1.187	32.812
Sparebankens fond	121.291	120.094	121.291
Gåvefond	8.677	6.546	8.677
Utjammingsfond	4.199	2.414	5.465
Fondsobligasjonar	130.362	72.250	130.275
Frådrag	-20.727	-13.980	-20.465
Sum kjernekapital	308.239	251.761	309.680
Tilleggskapital:			
Ansvarleg lån	0	49.600	0
Anna tilleggskapital	0	0	0
Frådrag	0	-9.969	0
Sum tilleggskapital	0	39.631	0
NETTO ANSVARLEG KAPITAL	308.239	291.392	309.680
Eksponeeringskategori:			
Statar	0	0	0
Lokal regional styresmakt	13.419	19.888	13.395
Institusjonar	86.062	39.639	82.429
Føretak	211.314	270.690	216.849
Massemarknad	0	18.273	10.571
Pantesikra eigeidom	1.161.009	1.078.113	1.151.182
Forfalne engasjement	41.382	30.046	25.646
Obligasjonar med fortrinnsrett	11.364	7.477	10.441
Andelar verdipapirfond	26.578	17.321	24.752
Andre engasjement	201.166	187.925	209.014
Kapitalkrav frå operasjonell risiko	118.259	115.295	118.259
Frådrag	-31.388	-25.238	-38.225
SUM BEREKNINGSGRUNNLAG	1.839.166	1.759.427	1.824.313
Kapitaldekning %	16,76 %	16,56 %	16,98 %
Kjernekapitaldekning %	16,76 %	14,31 %	16,98 %

12 Dei 20 største eigenkapitalbeviseigarane

Dei 20 største eigarane pr. 31.03.2012 utgjer 47,52 % av eigenkapitalbevisekapitalen.

31.03.2012					
Namn	Tal bevis	%	Namn	Tal bevis	%
MP PENSJON PK	50.383	7,97 %	LEIF MAGNE THU	8.683	1,37 %
TERRA UTBYTTE	46.700	7,38 %	EGON MOGENS MOEN	8.244	1,30 %
HILLEIK A/S	33.816	5,35 %	LEIEPAKKING AS	8.000	1,26 %
HELGE ROGNE	26.506	3,87 %	LUSTER SPAREBANK	7.600	1,21 %
ÅRDAL STÅLINDUSTRI EIENDOM AS	23.000	3,64 %	AURLAND SPAREBANK	6.800	1,20 %
TERRA GRUPPEN AS	11.200	1,77 %	VIK SPAREBANK	6.650	1,08 %
ERIK WAHLSTRØM	11.000	1,58 %	ROGER CHRISTIANSEN	6.030	1,05 %
HEYERN AS	10.000	1,58 %	BERGLUND AS	6.000	0,95 %
ÅRDAL KOMMUNE	10.000	1,49 %	TORD GEIR WIKBORG	5.550	0,88 %
UTBYTTEKAPITAL AS	9.400	1,30 %	FJORD1 FYLKESBAATANE	5.000	0,79 %
SUM				300.562	47,52 %

31.03.2011					
Namn	Tal bevis	%	Namn	Tal bevis	%
TERRA UTBYTTE VPF	58.100	116,2 %	THU LEIF MAGNE	8.683	17,4 %
MP PENSJON PK	48.200	96,4 %	MOEN EGON MOGENS	8.244	16,5 %
HILLEIK A/S	33.816	67,6 %	LUSTER SPAREBANK	7.600	15,2 %
ÅRDAL STÅLINDUSTRI EIGEDOM AS	23.000	46,0 %	AURLAND SPAREBANK	6.800	13,6 %
HELGE ROGNE	16.031	32,1 %	LEIEPAKKING AS	6.745	13,5 %
TERRA GRUPPEN AS	11.200	22,4 %	VIK SPAREBANK	6.650	13,3 %
HEYERN AS	10.000	20,0 %	BERGLUND AS	6.000	12,0 %
ÅRDAL KOMMUNE	10.000	20,0 %	ANTON KRISTIANSEN	5.000	10,0 %
UTBYTTEKAPITAL AS	9.400	18,8 %	HUGIN INVEST AS	5.000	10,0 %
SPAREBANKEN VEST	9.350	18,7 %	GG EIENDOM AS	5.000	10,0 %
SUM				294.819	46,61 %



INDRE SOGN
SPAREBANK
ekte lokalbank

ORG. NR.: 837 897 912

TELEFON: 57 64 85 10

WWW.INDRESOGNSPAREBANK.NO

NETTPOST@INDRESOGNSPAREBANK.NO